

Referat frå møte i RU 22. september 2021 kl. 08.00-11.30

Desse møtte:

Jan Myrekrok, Vinje
Rikke Raknes, Seljord
Øystein Tveit, Kviteseid
Une Marit Tangen, Fyresdal
Sverre Sæter, Nissedal
Finn Arne Askje, Tokke
Anne Aasmundtveit, Vest-Telemarkrådet

Gerd Kari – deltaking i sak1-3

Kari Gro – deltaking i sak 9

1) Budsjettframlegg for kommunepsykologar – sjå vedlegg

Øystein innleia drøftinga rundt samarbeidet om kommunepsykologar som ei kostbar ordning. Vidare sa han ordninga kjem til å bli dyrare enn det ein ser for seg i dag. Kviteseid er framleis i Robek. Ynskjer ikkje å trekke seg ut, opplever at samarbeidet fungerer godt, men tilbodet er rett og slett for dyrt. Derfor vil avslutning av samarbeidet vil kunne vera ei budsjettframlegg i Kviteseid, med med tidligast verknad frå 2023 då det er eit års oppseiingstid.

- Finn Arne sa seg og nøgd med ordninga.
- Det er sålangt bare tilsett ein person, som no går ut i permisjon i 2 mnd for å få bevilgninga i orden.
- Seljord no er klar for å utlyse den ubesatte psykologstillinga.
- Det vart stilt spørsmål om dersom Kviteseid trekk seg ut, kva skjer for dei andre kommunane? Ein må kanskje «fri» til Vinje, som i dag har eit samarbeid AIR om ein 50% stilling.
- PPT ynskte eit samarbeid om psykologteneste, men styringsgruppa for psykologsamarbeidet ynskde ikkje det.

Konklusjon

Tilsettinga som Seljord no er ansvarleg for går som planlagt, men ein bør sjekke ut samarbeid/synergier med andre som t.d PPT.

2) «Menn i helse»

Une Marit orienterte rekrutteringsprosjektet Menn i helse.

Prosjektet har teke eit års pause, Une Marit sjekkar dette ut.

Det er bruk for helsefagarbeidarar, så det er meir eit spørsmål om t.d. nokon pendlarar ynskjer å omskulere seg. Det er lite arbeidsledigheit. NAV ved Gerd Kari informerte om at det er liten respons på dette rekrutteringsprosjektet.

Det er behov for kompetanseheving frå assistent til fagarbeidar, men kan ikkje bare gjelde menn.

3) Fordelingsmodell – NAV Vest-Telemark – Vest-Telemarkmodellen, eller?

For Vinje og Fyresdal er det nærast eit krav om at det blir 50/50 (fast/folketal)fordeling som blir lagt til grunn for kostnadsfordeling.

For Kviteseid og Tokke spelar vektinga mellom fast og innbyggjartal lita rolle.

Ein er kjent med ressursane kvar kommune har gått inn i samarbeidet med og ein har laga prognoser ut i frå dette.

Spørsmålet er korleis kommunane kan oppleve reduserte utgifter?

- Billigare drift av NAVkontoret
 - o Reell belastning kommunane imellom. Bringe nye fakta til torgs.
 - o Historia fortel at kommunane hadde ulike partnerskapsavtaler som fører til ulike resultat kostnadmessig
- Større bidrag frå NAVsentralt/staten – staten har 53,7% i dag. (Husleige og løn)
 - o Må då gå gjennom partnerskapsavtala med Tønnesen
 - o Målsettinga til NAV Vest-Telemark er 10% reduksjon i kostnader. Nedbemanning er ikkje vegen å gå i følge Gerd Kari
 - o Kan ein rein folketalsmodell vera aktuell? Isåfall store negative konsekvensar for Vinje.
 - o Bør vera eit fast beløp – og i starten var dette mellom 20% og 30%. jf grunnlaget frå 2019.
 - o Må dykke litt meir ned i talet. Det er ikkje greit at nokon kommunar kjem dårlegare ut i eit slikt samarbeid .
- Viktig å få på plass gjeldsrådgjevaren. Gerd Kari Skaalen argumenterte for at denne ressursen vert auka.
- Gjeldsrådgjevarressursen vert tilrådd overført frå Seljord kommune til NAV Vest-Telemark. Politisk sak kun overføring, ikkje ressursauke. Det er kun snakk om virksomhetsoverdraging.
- Une Marit var tydeleg på at ei eventuell stillingsauke av gjeldsrådgjevaren må takast innafør NAV sine eigne rammer, må ikkje bli ei auke i kommunebudsjetta.

Konklusjon

Gerd Kari og Finn Arne jobbar vidare med ulike finansieringsmodellar av NAVkontoret. Rikke og Gerd Kari utarbeider eit framlegg til politisk sak om overføring av gjeldsrådgjevar frå Seljord kommune til NAV Vest-Telemark

4) Klimaplan V-T – felles saksframstilling

Anne sender ut høyringsutkast til klimaplan og saksutgreiing og oversendar kommunane.

I framlegg til vedtak vert det opna for endringsforslag/ signal om endring i planen frå utvala, og det vert sett ei «romsleg» høyringsfrist etter siste kommune si handsaming av saka.

5) Reiselivsprosessane – felles saksframstilling

Vest-Telemarkrådet løyvde i rådsmøtet 31. august 2021 inntil kr 2.555.000 til gjennomføring av Merket for bærekraftig reisemål og Felles reiselivsstrategi. Føresetnaden er at alle seks kommunestyra vedtek å delta prosessane.

Merket for bærekraftig reisemål må bli utført av eit destinasjonsselskap, her Visit Telemark, medan Felles strategi blir lagt ut på anbod.

Så snart alle detaljar og fakta rundt prosesshandsaminga er på plass, sender Anne over saksutgreiinga om kommunal deltaking til rådmennane for gjennomsyn.

Aktuelle datoar for kommunestyrebehandling er:

Nissedal 21 oktober

Fyresdal 28 oktober

Tokke 2 november

Kviteseid 4 november

Seljord 18 november

Vinje 18 november

6) Regional strategi for reiseliv og opplevelser 2022-2030

Felles uttale blir behandla i Vest-Telemarkrådet 19. oktober 2021.

7) Regional strategi for forskning, innovasjon og næring i Vestfold og Telemark 2022-2030

Felles uttale blir behandla i Vest-Telemarkrådet 19. oktober 2021.

8) Start Opp Telemark – kva og kvifor?

Telemark fylkeskommune stiller i rådsmøte 19. oktober for å presentere samarbeidsavtala og bakgrunnen for saka.

9) Felles kommuneoverlege for fleire kommunar – viser til Kviteseid sin situasjon og arbeidet som er gjort i Hallingdal (sjå tidlegare utsendt vedlegg). Er tida moden for å utgreie noko tilsvarende?

Kviteseid har avtale med Seljord om felles kommunelege, denne avtala går snart ut.

For Kviteseid er det naturleg å samarbeide med Seljord då 1/3 av pasientane i Kviteseid er i Seljord. Desse to kommunane har og felles legevakt.

Spørsmålet ein stiler seg er: *Hadde det vore aktuelt å gjera noko større?*

- Men med tanke på finansiering av andre samarbeid kan dette kanskje vera svært utfordrande.
- Har det vore på dagsorden hos kommunelegar/ helsesjefar?
- Det er ei utfordring å få rekruttert leger. Kjøp av tenester er svært dyrt-tredobla seg på kort tid.
- Kva har vi ikkje dekt innafor samfunnsmedisin og folkehelse?
- Ein bør strate drøftinga av innretninga for eit interkommunalt samarbeid. Ein har no gjort seg erfaringar med ein pandemi som viser eit behov for ei betre koordinering kommunane imellom. Pandemien synleggjorde behovet for samarbeid.
- Korleis kan ein sjå for seg eit samarbeid. Hallinghelse-samhandlingsressurs og felles kommunelege, men og eigne kommunelegar. Målet er å handtere ei teneste.

I eit mogleg framtidig samarbeid kan dette skje i 2 løp:

- o Akutt
- o Langsiktig samhandling
- Starte prosessen med kommunelegar og helsesjefar og spørje dei kor gevinsten ligg, både fagleg og økonomisk.
- Handtering av tyngre demenspasientar??
- Kari Gro orienterte kort om prosjektet *Heimetid og heimedød*, eit prosjekt med finansieringsstøtte frå Helsedirektoratet

Ein bør få til ein fleksibilitet i samarbeid og utnytte kompetanse på ulike måter. Utvikle ein type samarbeid der ein brukar kompetanse og ressursar meir fleksibelt. Ein kan t.d. utvikle samarbeid i eit nettverk, der ein gir frå seg noko når andre treng det.

Konklusjon

Kari Gro tar kontakt med kommunelegar og helsesjefar for å avklare gevinstfotavtrykket

10) Innføring av Visma sikker sak (VSS) og arkiv (VSA)

Det vart vist til eit notat frå kommunalsjefen i Kviteseid vedk Visma og vegen vidare

Innføring av Elements er krevjande og ein har bedt IKA Kongsberg om bistand. Avklaring i løpet av dagen. Innføring av Visma sikker sak (VSS) og arkiv (VSA) vart sett på vent pga av Elements.

Implementeringsprosessen av Visma kan framhalde dersom det blir engasjert ein prosjektleiar. Det syner seg at Ånund T.Ljosland har høve til å halde fram i denne rolla dersom ein får finansieringa på plass.

11) Representasjon i kommunedirektørutvalet i Vestfold og Telemark

Orientering ved Sverre, som har vore med ein stund. Jan er med i det sentrale KDU der det sit 7 rådmenn, miks av kjønn og geografi. Jan opplever at det er ein del av dei same sakene på fylkesnivå som på sentralt nivå.

Ca seks møte i året:

Rikke Raknes vart vald som representant frå Vest-Telemark.

Ymse:

3 saker kom opp

a) Styremøte i ppt

Budsjettinnspel: Bør det vera noko anna enn kompensasjon for løns- og prisstigning.

RU var tydeleg på at PPT må gjera hovudoppdraget. PPT vart auka med ei stilling i fjor, slik at det er ei forventning at ventelista blir redusert.

b) Kvito

Medfinansieringsgraden frå kommunane er på 43% - Kvito argumenterar for 50% - kr 1000 per plass. VTA plass er dyr i Vest-Telemark grunna krevjande oppfølging. Sverre viser til epost frå dagleg leiar i Kvito om saka 2. september

c) Interkommunale selskap og ekspandering av utgifter

Kontroll frå selskapa kan skje ved å ta ei runde med dei aktuelle leiarane av selskapa i forkant av budsjett.

- Det vart vist til at Harstad har ein metode på dette.
- Få ein rutine på det. Har vore prøvd tidligare.
- Kan ta det med i avtalene når dei vert rullert.

Anne

Ref